

Sigurd er heimkomen

08.07.2013

Sigurd er heimkomen, meldar Anbjørn Høivik i ein rapport i kveld. Rapporten har fylgjande ordlyd:

'Møyfrid Kristoffersen etterlyste for nokre dagar sidan eigaren til ein katt som vart funnen på Fjellandsbø.

Ingar Eik Høivik og familien hans har sakna gardskatten på Kjærland sidan slutten av mai og tok straks ut på leiting. Etter eit par dagar vart det eit hjarteleg gjensyn!

Björg Inga Friheim Miljeteig varsla om at katten var observert på ny, og hos henne fekk han fin servering med fiskepudding medan Ingar & co rykte ut på henting.

Katten ber namnet Sigurd og er litt av ein musejeger. Han vert også observert på friarferd på Haugland rett som det er, men denne gangen gjekk han bokstaveleg talt for langt. Takka vere Møyfrid, alle i Friheim og uskedalen.no fekk historia ein lukkeleg slutt.

Stor takk til dei alle frå Ingar med familie på Kjærland!